



Lindås Vvs Nils Træland As  
Litlås 3  
5954 MONGSTAD

Referanser:

Dykkar: Ref.:CRBBS7-  
Skjemanr.:3934  
Vår: 23/4591 - 23/47274

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad  
  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

15.06.2023

## Foreløpig svar på rørleggarmelding - Gbnr 108/34 Lindås

**Tiltak:** Søknad om tilknytning til kommunalt vatn og avløp  
**Byggjestad:** Veråsvegen 207 – Gbnr 108/34  
**Tiltakshavar:** Torill Helleland  
**Ansvarleg søkjar:** Lindås VVS Nils Træland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan (VA-kart) som viser rør føring frå vegg liv heilt fram til tilknytingspunkt på kommunalt leidningsnett. Da fritidsbustad skal knytte seg på kommunalt via eit privat leidningsnett, skal heile det private leidningsnettet teiknast inn på situasjonsplan.
2. Det skal leggest ved målsatt bunnleidningsplan/etasjeplan for bygg slik at kommunen kan rekne ut årsgebyr for vatn og avløp.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.07.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Torkjell Holm Brenna  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Torill Helleland

Søndre  
Ravnedalen 2

5170

Bjørndalstrøe

**Mottakarar:**

Lindås Vvs Nils Træland As

Litlås 3

5954

MONGSTAD